

## Referat frå årsmøte 2008

Årsmøtet vart halde på Spa Hotell Hjelmeland, i Hjelmeland kommune.

Referert av Hilde Elin Østerhus.

### Opning og velkomst.

Møteleiar Sigmund Skjæveland ynskte velkomen til årsmøte på ny stad,- og nytt hotell.

Tradisjonen tru gjekk ordet vidare til lokallaget,- denne gongen Hjelmeland Sau og Geit, representert av Lars R Nesvik. Også han kunne ynskje årsmøtet velkomen til Hjelmeland,- før han ga ordet vidare til varaordførar i Hjelmeland kommune, Nils Jarl Nessa, tilhøyrande Ap. Nessa vidarebrakte helsing frå sauebonde og ordførar i Hjelmeland kommune, Bjørn Laugaland, som var forhindra frå å møte.

Årsmøtet fekk deretter ei lita innføring i Hjelmeland kommune,- den nest største kommunen i fylket, etter Suldal, med 1092km<sup>2</sup>. Her er mykje fjell og verna område.

35 000 daa er jordbruksareal,- og saman med havbruk, er dette dei to største næringane i kommunen,- og såleis eit viktig interesseområde for både innbyggjarar og politikarar.

### Godkjenning av innkalling og saksliste.

Årsmøtet hadde ingen kommentarar,- innkalling og sakslista vart godkjendt.

### Opprop av årsmøtedeltakarane.

Tre stk utsendingar var hindra frå å kome, desse frå Sandnes, Karmøy og Hjelmeland.

### Val av to til å underteikne årsmøteprotokollen.

Gjermund Fiveland og Geir Nilsen vart valde til å skrive under på referatet.

### Tale av leiar i Rogaland Sau og Geit, Ole Jonny Espenvold.

Ny leiar i Rogaland Sau og Geit ynskte velkomen til årsmøte,- og opna med å rose hotellet, det store frammøtet og den auka andelen kvinner i salen. Han takka også for sist,- til dei som var på leiarmøtet, og til dei lokallaga han vitja under årsmøta.

Det har vore eit godt år for sauebonden,- om ein refererer til jordbruksforhandlingane i fjor. Dog har Rogaland Sau og Geit ei høne å plukke med Fylkesmannen,- som i Rogaland kun tilbyr 6 kr pr innsamla sau på heiabete, medan det i Hordaland er kr. 15 pr sau! Dette er noko RSG vil leggje vidare press på.

Elles ulmar det ei lita uro for geitenæringa,- som RSG verken ser eller høyrer i frå,- men heldigvis synet statistikken at næringa held seg ved lag,- så då kan ein trøyste seg med det. Medlemstalet i RSG aukar,- og det er imponerande med Time Sau og Geit,- som held slik eit høgt og stabilt medlemstal år etter år!

Skjold Sau og Geit hadde ein nedgangsperiode, men er no stabla på føtene att.

Styret i RSG ynskjer den nye sekretæren, Hilde Elin Østerhus velkomen. Ho overtek etter Ove Myklebust, som har fått nye utfordringar.

Det er fleire utfordringar i 2008,- som RSG og lokallaget må ta fatt i.

- Pga nye lovar og forskrifter, vert det krav om at alle husdyrbrukarar skal ha kompetansebevis innan 2010. Lokallaga vart oppfordra til å ta fatt på dette med det fyrste,- og sjå på det som eit godt høve til gode sosiale og fagleg oppbyggjande samlingar i lokallaga.

Kommentarar:

-Ove Ommundsen: Norske lammeprodusentar mister årleg 125 000 lam i beiteperioden,- me treng kompetansebeviset,- me treng å læra meir,- å verte flinkare! Ver positive til kompetansebeviset!

-Kjell Åge Thorsen: Er studiering nok til å få kompetansebeviset? Saknar informasjon om korleis ein får dette beviset?

-Trygve Høines: Kva konsekvens får det om ein ikkje har teke kompetansebeviset innan 2010? Svar frå Ove Ommundsen: Det er lovfesta i Storting og Mattilsynet at alle husdyrbrukarar skal ha kompetansebevis.

- Jordbruksforhandlingane kjem snart, og uheldigvis har det ikkje vore høve til å treffe Rogaland Bondelag som tradisjonen er,- då desse har møte same helga som årsmøtet i RSG. Dog er samarbeid og kommunikasjon tilstades.
- I Avlsutvalet er no Per Johan Lyse vald som ny leiar. Bjarne Østerhus er vald som varamann for Lyse.
- Vedkomande rovdyrproblematikken ville Espesvold påpeike at SNO ikkje

utlyser jakt på rovdyr, utan at det er sikre observasjonar av desse.

Ergo,- om ein ser rovdyr,- skriv gjerne ned kva dyr de har sett, kvar, og kva tid.

Ta også bilet om det er mogleg,- slik at me har dette om det skulle verte aktuelt  
å søkje om jakt ein gong seinare.

- Talen vart avslutta med ros og lovord,-

"det er gildt å arbeida i lag med folk som lett gjer det ein ber dei om!"

### **Ullklassifisør Borghild Øyna, om "pengar i ull".**

Borghild Øyna takka for invitasjonen til årsmøtet,- og var glad for å få snakke til eit breidt publikum. Ho fortalte litt om seg sjølve,- som leiar for Ullstasjonen i Sandeid.

Ho kjem opprinnlege frå ein gard i Odda. 18 år gammal var det til Haugesund, der ho raskt tok del i sauene att. Fram til 1990-talet hadde ho 130 vinterfura sau,- dette talet er i dag 110 stk. Øyna byrja som leiar av ullstasjonen i Sandeid i 1995. Det er Norilia som datterselskap i Nortura, som driftar desse.

Ull er ei utfordring, med to hovudfelt som sak:

1. Kvalitet og
2. Ullhandtering.

Saueprodusenten skal merke seg,- at uansett kor mange tiltak ein set i gong for å avle seg opp til ein god ullkvalitet,- er det forrykande lett å øydeleggje dette,- på berre eitt år!

Totalkostnadane på ulla er store i høve til økonomien, og den største utgiftsposten er ullhandteringen på ullstasjonen. Øyna oppfordrar alle produsentane til å bidra til ei meir effektiv ullhandtering,- med følgjande tiltak:

- Rein klyppellass! Unngå halm,- silo,- høystrå,- urin og avføring, flis eller anna forureining på klyppellassen.
- Reine gardar til sauene! Ulla kan raskt falle frå kr.50 pr kg til kr.10 pr kg,- berre pga skitne gardar / liggjeplasser.
- Tenk gjennom kva beite du nyttar før klypping! Tett skog med barnåler og kvist, eller gjørmete våte beite, vil forringa kvaliteten på ulla.
- H1-ulla, som er ull frå lår, buk og hale, er populær å bruke i t.d hotellteppe.

Men urinbrent ull øydelegg veldig raskt denne ulla,- så ver greie å fjerne urinbrent ull,- ikkje send denne inn. Dette er ull som kan kassere heile sekken,- om den kjem med. Og held for all del fell og lår/buk/hale-ulla adskilt!

Ullstasjonsleiaren frir til lokallaga om å klargjera i lokalmiljøa,- kor viktig det er med ryddig ullhandtering.

Di betre jobben er gjordt heime,- di betre og meir effektiv handtering og avrekning på ullstasjonen,- og til slutt,- betre økonomi til bonden.

### **Om avl på ullkvalitet:**

Ein kan avle seg vekk frå god ull! Arvbarheita på ull er faktisk 50%. Sauebonden må vere nøyne ved val av ver. Ta gjerne ullprøve av veren,- stikk innom ullstasjonen, og la kompetente folk sjekke ulla. Ta gjene ull frå fleire stader på verens kropp.

Borghild Øyna viser til årsmeldinga for RSG,- der ho hadde skrive ein artikkel frå eit ullprosjekt i samarbeid med ein saueprodusent i Suldal og ullstasjonen i Sandeid.

I korte trekk handla dette om at produsenten i 1995 hadde tett opptil all ulla i klasse 1. Etter ei tid var produsenten kome ned på eit nivå der heile 62% av ulla vart klassa i klasse 2. Denne hadde nytt 3 verer i om lag 3 år,- som veldig raskt øydela ulla på flokken. Etter initiativ frå Borghild Øyna vart det inngått avtale om samarbeid mellom ullstasjonen og produsenten om å rette på ullkvalitetten. Dei gjekk til innkjøp av 3 nye varer, 2 vaksne og eitt kåra verlam. Kriteriet for kjøpet var at desse skulle vere gode på kjøt og ull. Resultata av dette var følgjande:

- i 2006: 103,3 kr i ullinntekt pr slakta dyr.
- i 2007: 125 kr i ullinntekt pr slakta dyr.

Ullproduksjonen pr vinterfora øye auka faktisk med 64,42 kr, i tillegg til at både slaktevekt og slakteklasse også vart forbetra.

### **Konklusjon: Det er LETT å auke inntjeningen på ull,-**

#### **både via avl og god ullhandtering!**

Ulla frå sau av krysningssauer har minimale bruksegenskapar. Spælulla er utan spenst, og vert ofte nytt til vev, biletgard, medan ulla frå crossbreadulla vert nytt til strikkegard. I dei fleste tilfella vert ull frå krysningsdyr klassa til klasse 2.

#### **Kommentarar:**

Fleire av årsmøtedeltakarane var frustrerte over situasjonen på ullstasjonen på Forus,- Borghild Øyna informerte om den svært beklagelege situasjonen, litt om årsakar og iverksette tiltak for å betre situasjonen til ullmottaket er klart igjen. Det er mellom anna sett ut container på slakteriet i Egersund,- som ein kan levere ull i. Ullklassifisørar er ettertraka,- det er vanskeleg å få tak i kvalifiserte klassifisørar til å hjelpe med klassifisering av ull, ikkje berre i høgsesongen.

Hilde Elin Østerhus informerte om at det var vanskeleg å få tak i entreprenør til bygging av ny rampe til ullmottaket på Fous. Det er venta ferdigstilling av bygget i vike 10,- og dei av produsentane som har levert haustull, vil få ein auka haustullkompensasjon på ull levert etter 1.januar.

Harald Sleveland: Det var feil å legge ned ullmottaket i Egersund før det var klart på Forus. Kva skjer med ulla no? Containarane er allereie fulle, og vert ikkje tømde tidsnok. –Dette tek Borghild Øyna vidare, samstundes som ho oppfordra lokallaga til å samarbeide betre med ullstasjonane om leveringstidspunkt.

Kjell Åge Thorsen: Var på synfaring på Forus før beslutninga om å flytte ullmottaket vart teken,- og vart teken med på råd om korleis ein kunne arbeide, og kommunisere med ullinnsamlinga. Han kommenterer vidare at han ser det som vanskeleg å få handteringa av ulla effektiv.

Sigmund Skjæveland: Me må få auka lagerkapasitet ved ullmottaka,- det skal ikkje forlangast at produsenten skal lagre ulla sjølv!

Jon Arvid Vassbø: Fortel at han køyrer inn ulla frå Bjerkreim Sau og Geit og vil be Norilia om å betra kommunikasjonen, og få ei raskare ullhandtering på Norilia Forus.

Det fins fleire aktørar å levere ull til enn Norilia / Nortura!

Harald Sleveland: Me er nøytrale til ullmottakar. Har hatt 2 ullinnkøyringar i februar, desse vart henta av Fatland sine dyretransportbilar, mot noko betaling for frakta. Eg er glad for ullmottaket i Egersund og dei 85 øra me kan ta med oss på dette!

Berit Pettersen: Ullinnsamlingsgodtgjersla er eineståande i Rogaland,- og ei inntekt til Sau og Geit,- ta dette alvorleg, og ver nøytral! Stå på folkens!

Borghild Øyna: Lokallagsleiarane skal ha ros for arbeidet dei gjer med å organisere innsamlinga, slik at ulla vert levert til den aktøren dei ynskjer.

Jon Helge Havsø: Ja, det er pengar i ull,- det er ynskjeleg å få betre betalt for inntransporten utover dei 85 øra per kilo, slik det er i dag.

Ivar Are Veen: Fins det nettingsekker til ull?

Børghild Øyna svarar: Me ser helst at det ikkje vert brukt nettingsekker til ull, med mindre desse er spesiallaga til ull. Dette fins, og kostar mellom kr. 6,- og 12,- pr sekk.

Arne Frøystad: Ullstasjonen leverer sekker til oss,- som vert trekt frå på ullavrekninga.

Jon Helge Havsø: Eg vart tipsa om sekker i Nordland,- kan dette vere aktuelt for Sandeid og Forus?

Borghild Øyna: Norilia i Harstad har kjøpt inn sekker slik at alle produsentane har den same typen sekk å levele ull i. Årsaka til at me i Rogaland ikkje gjer dette, er at det ikkje er ønska å ha meir arbeidet som dette medfører. Men,- etterpurnaden etter dette aukar, og me vil sjå nærmare på saka.

Ola Jordebrekke: 3% marg på kåringsslamma, kva tykkjer Borghild Øyna om dette?

-Ein fell med 3% marg har potensiale til å leggje meir vidare.

Borghild Øyna: Ja, det stemmer, på crossbread-ull er det lov å ha opptil 3% marghår. Men,- når det gjeld daudhår,- er det kun lov å ha 0,3%!

Dette er under kåring kun tilte på 6 poengs-verane. Ein ver kåra til 7-8 og 9 poeng skal ikkje ha daudhår i det heile.

Under applaus vart Borghild Øyna tildelt eit RSG-krus og film om sauedrifta i Sirdalsheiane, som takk for innlegget.

**Årsmeldinga for 2007** vart gjennomgått av Arnhild Skjørestad. Framsida er i år pryda av den nye leiaren i Rogaland Sau og Geit,- samt handa til Sigmund Skjæveland.

Valregionane vart endra i 2007 og det er feil på side 12,- årsmøtet i 2007 var på ein fredag og ikkje tysdag slik det står i årsmeldinga.

Årsmøtedeltakarane vart oppfordra til å ta vare på side 43 og 65,- der er det liste over telefonnummer til rovviltnemda og kontaktpersonar for rovvilt i Rogaland.

Ei misforståing har ført til at det manglar indeksar på spælverane,- dette skal verte betre komande år!

Eirik Skretting: Medlemstalet for Sør Jæren er feil,- rett medlemstal er 151.

Gustav M Håland: Det bør stå i årsmeldinga kor neste årsmøte skal vere.

### **Rekneskap for 2007 og budsjett for 2008.**

Årsmelding, rekneskap og budsjett for 2008 vart einstemmig godkjent, etter litt diskusjon omkring rovdyrfondet og andre kommentarar:

Hjelmeland Sau og Geit: Det er betre at rovdyrpengane me fekk tildelt står i RSG enn hjå eit lokallag. Det er ugreit at det skal stå felleskapsmidlar på konto hjå eit lokallag.

Sauda Sau og Geit: Dette er vorte vedteke utan godkjenning frå andre lag i Ryfylke, som også har rett over desse pengane. Dette vil Sauda Sau og Geit gjerne diskutere litt først.

Kasserar i RSG, Leif Matnisdal: Desse pengane står på eigen konto i rekneskapen.

Styret i RSG: Bør desse midlane stå i Rovviltkontoen?

Bjørn Høyland: Rekneskapen er i orden,- det bør ikkje vere naudsynt å ta opp dette no.

Sauda Sau og Geit: Rekneskapen er i orden for oss også,- men me ser gjerne at Sau og Geit vert ryddigare i slike saker.

Trygve Høines: Det er sett av 30.000 kroner til kåring og avl,- kvifor er det kr. 16 000,- i differanse frå 2006?

Avlsutvalet: Det var kun ei kåringssamling, mot 2 som er normalt. Hadde det vore to samlingar ville tala raskt verte annleis,- samt at reiseutgiftene varierer enormt frå år til år.

### FJELLAM – kvalitetskjøt direkte frå naturen!

Øyvind Bergøy orienterte kort om saka,- som lokallaga også tidlegare har fått tilsendt orientering om. Sauenæringa er i endring. Det er 35 år sidan fyrste landsmøtet,- og den største endringa sidan den gong er tal buskapar. I 1969 var det 44 000 buskapar, i dag er det 16 700 buskapar. Hvis denne utviklinga held fram, vil det i 2035 vere 1 buskap att!! Heldigvis har det vore nokonlunde stabilt tal mordyr, men det vil truleg vere vanskeleg å forsvare tal slakt pr år mot tal vinterfora sau?

Det er nedgang i organisert beitebruk og stadig vanskelegare å rekruttere nye inn her. Me ynskjer å oppretthalde den organiserte beitebruken. Samstundes er det aukande interesse for merkevarer og nisjeprodukt,- (viser til kvitsøylam, klosterlam, hallingskarvetlam, osv.). Alle tek ut meirpris på slakta sine som følgje av dette,- mellom 5-10 kr pr slakt.

Om fjellamkonseptet det er grunn til å tru at folk vil betale ein meirpris for lam som vert slakta rett frå fjellbeite! Det er rett tid å gjere dette no,- det er betalingsvilje hjå forbrukaren, og det er underdekning i marknaden.

Dette bør handterast som kontraktsproduksjon, med avtale mellom slakteri og produsent. Lamma får vere på heimebeite max 3 dagar etter heimkomst frå fjellbeite.

Bergøy viser vidare til orienteringsskriv for fleire opplysningar om kriteria for fjellamproduksjonen.

Det vil sjølv sagt verte noko meiarbeid, men dette får ein betalt for! Med fullt trøkk i marknadsføringa i nokre få veker, vil dette verte ettertrakta.

I kontakt med slakteria har det ikkje nett vore populært, men om ein startar i stort monn kan det fort verte meir populært, vil ein tru?

Me må vise at Rogalandsbonden ynskjer framgong for heile Norges sauedrift! Det kan vere snakk om 25% av slakta,- noko som tilseier 3-400 tonn lammekjøt.

Tida er inne no,- årsmøtet må stille seg bak forslaget, slik at me får saka inn til Nortura og Fatland fortast mogleg. Det ville vere svært interessant å prøve ut dette prosjektet,- som det er minimal risiko i, og samstundes gjere god og fornuftig bruk av fjellbeita.

Mål 1 for sauenæringa er å ta ut høgast mogleg målpris gjennom

jordbruksforhandlingane.

Mål 2 er å ta ut kr.35 mill. ekstra til næringa, gjennom Fjellam-konseptet.

Dette er til dei som ynskjer og vil vere med.

Kommentarar:

Torgeir Lima: Gjesdal Sau og Geit har allereie uttalt seg til RSG om denne saka,- og les opp: "Gjesdal Sau og Geit ser klart problema ved at det stadig sendes færre sauер til fjells. Vi meiner at denne trenden best kan snuast ved å auke offentlege tilskot til fjellsending og drifting av heiabiteiene. Vi trur og dette vil vera meir i tråd med framtidas landbrukspolitikk og akseptabel virkemiddelbruk. Ein spesialproduksjon som Fjellam vil dra med seg ekstra kostnadar ved administrasjon, inntransport, slakting, bearbeiding, lagring, sal osv. Vi kan ikkje sjå at

næringsa vår treng å påførast fleire kostnadar. Rogaland Sau og Geit som organisasjon må jobbe for at alle sine medlemmer skal få betre økonomi. I lengda vil vi som organisasjon stå oss best ved å hevde at alle norske lam er bra."

Jan Helge Havsø, Eigersund Sau og Geit: Me ser helst at det ikkje må verte fleire nisjeprodukt no. RSG bør profilere alle norske lam. Det vart prøvd ut med heialam i 2000,- og dette vart lite produktivt!

Ø.Bergøy svarar: Prosjektet frå 2000 kan ikkje samanliknast med Fjellam-konseptet,- som er landsdekkande, prosjektet i 2000 var berre i Rogaland.

Helleland Sau og Geit: Me har sterkt motstand til dette. Det vil verte vanskeleg å kontrollere at lamma ikkje beitar heime,- det fins mange useriøse bønder!

Geir Nilsen, Time Sau og Geit: Me stiller oss likt med Gjesdal Sau og Geit,- me bør heller arbeide for å auke prisene på gode norske lam generelt!

Ove Ommundsen: Dette har vore diskutert i andre landsdelar og med Nortura. Fjellam kan sidestillast med Hallingskarvet-lam som allereie er ein suksess,- kvifor er me redde for meirbetaling? Det er klart me skal arbeide for høgare pris for lam generelt, men kvifor ikkje prøve ut dette? Hugs at det vert eit stort volum!

Ø. Bergøy presiserer: Me tilfører heile sauennæringa midlar gjennom jordbruks-forhandlingane. Resten,- dei midlane me kan tena utover dette,- kan takast ut gjennom produkt som fjellam! Kvifor seie nei til 30 mill. kroner!? Ekstrakostnadane i høve til dette kan då aldri verte like høg som meirverdien!??

Geir Nilsen, Time Sau og Geit: Dette er ei sak for storting og regjering, gjennom virkemidlar,- og ikkje gjennom marknaden. Det er dårlig å betale meir for lam som er av lik kvalitet som andre lam!

Ø. Bergøy: Skal me ikkje unne andre ei auka inntening?

Arnhild Skjørestad: Hallingskarvet-lam er ei etterpurt vare,- dette vil dekke denne etterspurnaden!

Lars R Nesvik, Hjelmeland Sau og Geit: Berre historia er verdt meirbetaling!

Gjermund Fiveland, Sauda Sau og Geit: Marknadsføring vert viktig! Å reklamere for eit produkt som alltid har vore her. Ta omsyn til kulturlandskapet, som sauene er den beste skyddar av! Men, det er ein kollisjon mellom krava til jordbruksforhandlingane og at me sjølvé maktar å ta ut meirpris. Fjellam er eit produkt som kjem for seint.

Jostein Harbo, Tysvær Sau og Geit: Gir full støtte til prosjektet!

Ole Jonny Espenvold, leiar i Rogaland Sau og Geit: Styret er delt, det er ei vanskeleg sak. Ynskjet om auka beite tilskot skal takast vidare til jordbruksforhandlingane.

Per Johan Lyse: Lam slakta frå fjellbeite vert slakta i september. Desse får ikkje den same prisene som lam i låglandet slakta i august får. Kvifor ikkje ta ut denne meirprisen, samstundes som marknaden vert dekka?

Magnar Helgeland, Nedstrand Sau og Geit: Fjellam er ikkje sett som årsmøtesak, men eg støttar prosjektet.

Borghild Øyna: Eg støttar også prosjektet.

Berit Pettersen, Gjesdal Sau og Geit: Det er snakka om meirpris på kr. 10 pr kg. Ein skal vere varsam med å prisa seg ut.

Ove Ommundsen: La oss ikkje gje slepp på moglegheita til å samle heile landet og gje oss ei meirbetaling! Dette har ingenting med jordbruksforhandlingane å gjøre!

Ø. Bergøy: Eg er glad for aukande positivitet til prosjektet. Me må kunne ha to tankar i hovudet samstundes.

Roar Larsen, Forsand Sau og Geit: Støttar prosjektet!

Møteleiar ber årsmøtedeltakarane stemme på saka.

Med 11 stemmer i mot, vedtok årsmøtet at Rogaland Sau og Geit skal arbeide vidare med Fjellam-prosjektet.

## Arbeidsplan for 2008.

Kommentarar: Møte i valnemnda bør vere i januar, ikkje mars slik det står i arbeidsplanen.

### **Elektroniske øyremerke og radiobjøller v/Moen Bjøllefabrikk.**

Åsmund og Lena Moen, henholdsvis 2.og 3.generasjon Moen, takka for invitasjonen og ba årsmøtet kome med spørsmål undervegs i presentasjonen.

Radiobjølleprosjektet vert drive fram av Telespor, som er eit foretak i samarbeid mellom Telenor og Nortura. Moen Bjøllefabrikk tek seg av klavane til dette. Årsmøtedeltakarane fekk presentert bjøllene med dei elektriske detaljane. Det er også moglegheit for å ha klave på lamma,- denne sender signal via morsauen,- med rekkevidde på ca 200 meter frå mordyret / marklaven. Det er dog kome motstand frå Mattilsynet, som hevdar at det ikkje er tillete å ha klave kring halsen på lamma, då desse veks og kan verte strupa av dette. Per Liahagen, småferådgjevar i Nortura skal i samarbeid med veterinær og Moen Bjøllefabrikk måla halsomkrinsen på lam kvar andre veke frå mai til september i 2008,- for å sjå om det kan la seg gjere å nytte klave på lam. Denne dokumentasjonen er naudsynt før ein kan vidareutvikla lammeklaven vidare.

Det er uante og flotte moglegheiter ved bruk av radiobjøller. Ein har tre ulike moglegheiter for å fange opp signal frå desse, via GPS:

1. GSM kan nyttast der det er dekning. Dette er den dyraste moglegheita, men likevel det enklaste systemet.
2. Sikringsradio kan også nyttast, dette er den billegaste løysinga.
3. VHS. Ved å plassere ut VHS-stasjonar i terrenget har ein også ei god løysing. Det kan vere den billegaste løysninga når den kjem i bruk,- men ved oppstart vert det kostnader ved utplassering, samt at desse skal vedlikehaldast, ha batteri og ikkje minst setjast ut i terrenget.

Ved å ha radiobjøller på dyra, kan ein sjå kor dyra har bevega seg gjennom heile beiteperioden, ettersom ein kan lagre all bevegelse via radiobjølla. Telenor har brukt millionbeløp på utvikling av dette, og har som mål å utvikle eit produkt som er så godt at det også kan seljast utanlands. Dette er også grunnen til at utviklinga har teke så lang tid. Det skal komande sommar testast breidd. Det kan hende at systema kan vere i sal til saueprodusentar i 2009.

Prisen for saueprodusentar som ynskjer å ta dette i bruk kjem an på kva system ein vel.

I dag er prisen kr. 2000,- pr saueklave. I tillegg kjem telefon, GPS, sikringsradio, alt etter kva system ein nyttar.

### Elektroniske øyremerke:

Presisering: Desse sender ikkje signal, slik radiobjøllene gjer.

Det er millionar av produkt rundtom i verda. Det er veldig vanleg med elektronisk merking av dyr i resten av verda. Det er i Europa diskutert å innføre påbod om å bruke elektronisk merking av husdyr. ( mars 2008: det er fom. 2010 påbode å bruke elektronisk merking av husdyr.)

Det er ulike metodar ved elektronisk husdyrmerking,- klave, øyremerke og "chips" som ein legg innunder huda på dyr,- slik det allereie er mykje brukt på hest, hund og katt. Ulempa ved den sistnemnte metoden, er at dyra må vera 1 år gamle før dei kan merkast på denne måten.

Grunnen til at det vert meir aktuelt og ønska at ein tek i bruk elektronisk merking, er fyrst og fremst effektivisering av slakteprosessen og drifta hjå produsenten, ved at ein langt raskare kan avlese info om dyret, til dømes i ei vekt,- og overføre data rett til eigen pc.

Kommentarar:

Bjørn Høyland: Ein så stor kostnad for produsentane at dette bør takast vidare til jordbruksforhandlingane.

Berit Pettersen: Er det bestemt noko om kva øyre ein skal bruke elektroniske merke i?

Svar frå Moen: Mattilsynet har vedteke at dyra skal ha elektronisk merke i venstre øyre.

### Festmiddagen under årsmøte i RSG 2008.

Tom Hetland frå Stavanger Aftenblad vitja årsmøtet, og hadde med seg nokre tankar om sau og geit. Er sau en det mest religiøse dyret me har? Sauen og lamma har jo forsynt både jødar, muslimar og kristne i uminnelege tider,- har vorte pint og plaga i mange samanhengar,- det er gjerne grunn til å anta, at sauene sjølve ser deg som livsynsnøytral? Me har påskelam, offerlam og syndebukkar, men ingen registreringar om Betlehem Sau og Geit!?

Det vart også påpeika at saueprodusenten må vere stolt av sin eigen kultur, av bygda si, av produktet sitt!

Det vart utdelt utmerkingar til desse:

Martha Nedrebø og Normann Holmen har vore dommarar begge to,- og sluttar no i RSG-arbeidet. Begge fekk blomar og krus frå RSG. Det skal nemnast at det berre er Odd Schibevåg som har vore dommar i lengre tid enn Normann Holmen.

Sigbjørn Efteland fekk blom og pokal for beste bukk i 2007,- Brunhansen.

Brigt og Bente Gro Slettebø fekk blom og pokal for beste ver i 2007,- Røgdar.

Gisle Svandal vart tildelt diplom for framifrå arbeid som gjetarhundentusiast gjennom mange år. Han har arbeidd med gjetarhund i organisasjonen både lokalt og i fylket, har vunne tevlingar og vore interessert i arbeidet, og inspirert andre gjennom tevlingar og avlsarbeid. Han kunne dessverre ikkje kome til middagen og motta diplomen sjølve, men helsar årsmøtet via Øyvind Bergøy.

Sigmund Skjæveland fekk blom og diplom for den gode jobben han har gjort i Rogaland Sau og Geit gjennom mange år. Han er kunnskapsrik og ryddig i arbeidet,- såleis ein godt likandes kar for alle. Han takkar og smilar breidt. Formidlar takksemど og kjenner seg heldig som har fått vere med på så mykje for saueneringa.

### Laurdag 16.februar 2008.

#### Val.

Valet vart innleia av leiar for valnemnda, Berit Pettersen.

Møteleiar Sigmund Skjæveland leia valet.

Valnemnda var representert med alle, med unntak av Torill Undheim.

Det vart talt opp 53 personar med stemmerett.

Resultat frå valet:

Leiar: Ole Jonny Espenvold, Tysvær Sau og Geit, vald med 52 stemmer, 1 blank.

Styremedlemmer:

Leif Matnisdal, Sør-Jæren Sau og Geit, valt med 52 stemmer, 1 blank.

Øyvind Bergøy, Hjelmeland Sau og Geit, valt med 49 stemmer, 4 blanke.

Nestleiar: Øyvind Bergøy, einstemmig valt.

Varamedlemmer til styret i nummerert rekkefølgje.

1.Per Johan Lyse, Nedstrand Sau og Geit, einstemming valt.

2.Nils Petter Aarrestad, Time Sau og Geit, einstemmig valt.

3.Peder Ravndal, Gjesdal Sau og Geit, einstemmig valt.

### Nytt frå leiar i landsrådet for saueavl,- Bjørn Høyland.

#### Eksport av NKS-verlam til Romania.

På årsmøte i fjor hadde RSG besøk frå ein delegasjon frå Romania. Samarbeidet mellom Jæren Forsøksring, NSG og Nortura, har fram til no enda opp med at det vart vedteke å sende 200 NKS verlam til Romania,- nett nok til å fylge ein dyretransportbil. Verane vart plukka frå besetningar i Rogaland og Vest Agder. Eksporten medførte enormt mykje forarbeid, med blodprøvetaking og diverse reglementsutfordringar. Rumenske saueprodusentar byrjar paringa 15.september, dermed måtte verane vere i Romania seinast 15.august,- for å rekke å stå ein månad i karantene før dei kunne ta til å spreia genene sine utover Romania. 6 av 200 verar totalt overlevde. Dette er eit venta, og heilt akseptabelt resultat. Bjørn Høyland var ein tur i Romania i byrjinga av oktober,- og då såg det heile ut til å vere ok enno. Verane hadde det bra,- og det er venta leming i desse tider. (februar)

Kjøparane av verane var svært nøgde. Romaniabonden hadde vondt for å tru på dei norske fylgjefolka,- då dei sa at verane var født i april same året. Me har hausta mykje skryt for dei flotte lamma! Resultatet av vereksporten er framleis usikkert, då desse skal kryssast inn i deira eigen rase. Bøndene betalte av eigen lomme 305 Euro pr ver, noko som tilsvasar heile 2 månadsløner for den jamne Rumenar. Ergo er veren mest som ein Gud for dei,- og det treng ikkje trekjast i tvil- at verane vert godt ivaretakne!

Hvis Staten, saman med Innovasjon Norge, framleis ynskjer å støtte eksporten, vil prosjektet halde fram,- med mellom anna bygging av slakteri i Romania. Det er von om at det i framtida kan etablerast ei kjernebesetning av NKS i Romania, for å unngå vidare import av levande dyr, som i utgangspunktet er uønska og dyrt.

#### Småfedrift i Romania.

I Romania er saueflokkane på 500-1500 mordyr. Vintrane er som den norske vinteren. Kvar flokk har 2-3 gjetarar som fylgjer flokken dag og natt heile året. Det er inga spreidd beiting slik som i Noreg. Sauene går heile tida samla og beitar seg framover, om lag 1 mil til dagen. Det er ingen gjerding langs beiteområda, men flokken vert inngjerda på kvelds- og nattetid for å verna den mot rovdyra,- som det er ein del av.

Sauene liknar noko på svartfjesrasen,- i andleta. Ei vaksen øye veg 18-20 kg slakta.

Dyra har horn og ulla er mest som ragg å rekne. Halane heng like til bakken,- og dyra avlar minimalt med kjøt. Høyland er mest uroleg for om dei norske verane kan sjå syn på desse øyene? Ulla er av svært dårleg kvalitet og vert for det meste brent, då det ikkje fins betaling å få for ho. Rumenarane klypper sauene for hand med saks, - og dette er eit imponerande syn! Det er gjetarane som har det daglege ansvaret for stell av dyra,- det er også dei som kjenner dei. Derfor var det også desse det var ynskjeleg å kommunisere mest med,- for å vere viss på at informasjonen vart dela med dei som hadde bruk for den. Dette var ei utfordrande oppgåve, ettersom det er høg grad av analfabetar blant desse, og det var langt mellom dei som kunne snakke eller skjøna engelsk. Gjetarløna er på om lag kr. 800 pr månad,- samt fri tilgang til sprit og tobakk i tillegg. Då dei fylgjer dyra heile døgnet, dred dei med seg små skur / hytter til ei kvar tid, som dei sjølve kan sove i. Det er kummerlege kår,- og ein heilt annan levestandard enn kva den jamne europear krev. Det er også vanleg å mjølke sauene i Romania. I eine besetning dei var og såg hadde dei 600 sau,- som alle vart mjølka morgon og kveld,- med ein avdrått på ca ein halv liter pr sau pr dag.

Romania har enorme beiteressursar. Det er 10 millionar sau i landet. I eit land som dette, der det er enorme sletter med grøne beiter,- ligg det uante moglegheiter for produksjon av kjøt om dei hadde dyr som kunne nyttiggjere seg naturressursane, som kunne veksa og avla kjøt!

#### Litt om saueavl:

Det er avlsmessig framgang! Dette syner alle dei granska verane født i 2006. Sauebonden skal ha skryt!

I år vil ein prøve å ta med vårvekta inn i morevna,- og me kan på sikt gå vekk frå vektlegging av haustvekta? Dette er ikkje avgjordt enno.

Det er ein framhaldande diskusjon om ulla vert for mykje, eller for lite vektlagt i avlen. No når ein tek i bruk elektronisk merking av dyra har ein auka von om at ein kan ta med ulla i indeksberekingane, då ulla vert

avrekna pr. individ og ikkje berre pr gruppe, slik som no. Dette vil verkeleg gjere det lettare å skilje mellom verane.

Kåringane er framleis enormt viktig for sauemiljøet. Men, det er utfordringar også her. Enkelte stader er det stort engasjement og eit godt opplegg, medan det andre stader kun er kåringsfolka som er tilstades. Det må leggjast meir arbeid i å få med fleire på kåringane,- og unngå at det vert ei lukka gruppe! Hjelp dei nye,- og engasjer fleire!

Det er diskutert om NKS sauen har eit dårlegare morsinstinkt enn dei andre rasane,- og dette skal me ta vidare. Det vert stadig større flokkar og me treng ein morsau som tek seg av lamma!

Om mastitt: Me må alle verte flinkare til å grunngje utrangering av sauene. Her har vereringane eit spesielt ansvar! Hugs at verane vert uttekne på grunnlag av informasjon og data frå besetningane. Hvis ein sau vert utrangerd pga mastitt,- skriv det,- ikkje at ho vert utrangerd pga alder eller anna. Dette er grunnleggjande viktig informasjon for uttak av avlsmateriale. Økonomisk sett er lammetal den viktigaste faktoren me kan gjere noko med.

Innspel frå årsmøtedeltakarane:

Berit Pettersen: Krev av NSG at helsekortopplysningane frå besetningane vert medrekna. 50% av utrangeringa blant søyene er pga helse,- og dette er informasjon som aldri vert registrert på helsekort.

Øyvind Bergøy: Kan det gjerast noko med lammetalet? Me har mange nok sauер som får trilling- og firling-lam, - men kan me få retta opp ubalansen mellom trilling og einstaka? Ein åring med trillingar gir berre arbeid og inga betaling.

Svar frå Bjørn Høyland: Me slaktar 1,1 lam pr vinterfora sau,- og alle klagar på for høgt lammetal. Me må jammen ta tak i drifta heime også!!

**Nytt avlsmål på spælsau.** Landsrådet for saueavl har vore på fagtur til Island,- og der er det mykje godt kjøt på spælsauen, men lite anna. Det har vore ein rask framgang på kjøtmengda der. Ein vil freiste å sy saman eit godt opplegg for vidare avl på spælsauen for å snu ein negativ trend i spælsaubestanden, slik me har sett dei siste åra. Den gode morsevna deira kjem ikkje til nytte utan betra kjøteigenskapar.

Øyvind Bergøy: Ein annan faktor som gjer spælsauen god er uthaldenheit og haldbarheita! Spælsauen er ein betre sau! (fleire i salen sa seg einige i dette.)

Hallgeir Rønnevik: Seier meg einig med Bergøy. R+ i snitt på spælsauen. Det går heilt fint å tene pengar på spælsauen om ein har peiling på avl!

Øyvind Bergøy: Bonden må stella med sau'en!

Bjørn Høyland avslutta med å seie at NKS og spælsauen skal vere ulike! Spælsauen skal ikkje vere som NKS,- men særeigen!

### **Nytt frå Norsk Sau og Geit,- Ove Ommundsen.**

(Ove Ommundsen kunne melde at han faktisk ikkje kunne finne nokon registreringar av Betlehem sau og geit... )

Det er to karar i forsamlinga som skal ha mengder av skryt for iherdig verving av nye medlemmer til sau og geit! Rogaland har enno 600 saueprodusentar som ikkje er medlem i sau og geit, derfor er det veldig kjekt at det vert verva nye medlemmer blant desse. Eirik Skretting frå Sør-Jøren sau og geit har verva flest i heile landet, og Jan Helge Havsø frå Egersund sau og geit, som nr. 3. Godt jobba!

NSG arbeider med fleire tunge lovsaker nett no, dette vert prioritert framfor medlemsarbeidet. I godt samarbeid med Norsk Jeger og Fiskar forbund, Bondelaget, Bonde og Småbrukarlaget og Utmarksrådet med fleire, oppnår ein meir og har sterkare påverknadsmakt i møte med Storting og regjering. NSG kan reknast som den mest politiske bondeorganisasjonen me har,- om ein tenkjer på alle dei arbeidsområda organisasjonen har.

Lokallaga skal i 2008 få kursa seg i organisasjonslære,- og lære meir om korleis ein skjøttar dei ulike styrefunksjonane.

Fylkeslaget er ein viktig inspirator for lokallaget. Det er det viktigaste laget for lokallaga,- og ein oppfordrar lokallaga til ryddig saksgang. Ynskjer ein å ta opp ei sak nasjonalt,- må dette spelast gjennom fylkeslaget først,- før den vert oversendt til NSG sentralt. Det er uendeleg viktig at de tek verva i lokallaga på alvor,- og favnar om saueprodusentane. Lokallagsmøte er ein framifrå arena for å samla saueprodusentane,- å lære litt nytt, få snakka om faget,- vere sosiale, dette er uendeleg viktig for miljøet blant produsentane!

#### **Utmarksnytt:**

For 25 år sidan var det i Noreg bjørn kun få stader. Dette er eit tankekors. I dag får me stadig fleire utfordringar. Næringsopplevde tap av 60 000 sau til rovdyr. Naturvernforbundet forlangte gjeting av sau. SLF rekna seg fram til at dette ville koste oss 12 milliardar kroner, og deretter har det vorte stilt om den saka. NRK har også gjeve oss nokre utfordringar, med programmet "ut i naturen", der dei har kome med direkte usanne påstandar om saueneringen. Dette har NSG teke opp med kringkastingssjefen og NRK. Landbruksministeren og Miljøvernministeren har gått saman om å finne tiltak for å forebygge rovdyrtap i saueneringen. Ommundsen påpeikar kor viktig det er å spele på lag med dei aktørane i politikken som faktisk vil hjelpe oss, som forstår oss. Og hugs,- å avklare beitehøva mot hyttebyggingsplanar på førehand!

#### **Om organisering av beite og innsanking av dyr:**

Streifdyr som går i frå eit beiteområde og inn i eit tomt beiteområde, der er det store skilnadar i kva som er praksis å gjere. I Sogn og Fjordane betalar Fylkesmannen kr 40 pr innhenta dyr, Fylkesmannen i Rogaland betalar kun kr.6 pr dyr. Her har RSG ein jobb å gjere!

#### **Økonomi:**

Det er enorme skilnadar i dekningsbidrag i næringa. Frå 400 til 2008 kr, med 17-1800 kr i snitt. Situasjonen i dag er ein underdekt marknad med for lite lam. Me må bestrebe oss på å leve 1,5 lam pr v.f søye, framfor 1,1 slakta lam pr vf søye, som me gjer i dag. Her har me alle ein jobb å gjere,- særleg for å stoppa importen! New Zealand har fem gonger så høgt medisinformasjon som Noreg, og mange flår bakparten på lamma for å hindra ullvekst der floger kan angripe. Og så kjem påstandar om at dette ikkje er nokon klimatrussel!?

Kornprisane stig pga aukande bruk av biodrivstoff,- dette er trugande for næringa. Det er vonleg at det vil snu, men trenden nett no er at folk må betale meir for maten. Dette vil også gagna oss! Noreg har det billegaste lammekjøtet i heile Europa, ergo er det rom for betring på dette også.

Det ligg inne forslag på å ta lamma ut av målprissystemet, men Ove Ommundsen ser dette som ein därleg veg å gå. Økonomien i sauehaldet kan betrast, men ikkje med så høgt fokus som i fjorårets jordbruksforhandlingar. Tida er inne for den raudgrøne regjeringa til å vise seg dugande,- alle produkt krev meirbetaling!

Det er ein betalingsvilleg marknad for lam, dette vonar NSG at slakteria vil vise, gjennom auka utbetalingspris. Men, underdekninga er lei,- me må vise oss leveringsdyktige!

I fjar fekk me ikkje beitetillegg, dette vert teke som eit signal på at det i år skal kome meir gjennom utmarkstillegget. Me vil i år krevje ein auke frå kr.84,- til kr.140,- samt andre justeringar.

Investeringsmidlane må samordnast, slik at Rogalandsbonden med fleire husdyrproduksjonar i eitt og same tun, kan dra nytte av desse.

#### **Til slutt: hugs å leggja press på alle politikarar de kan treffe!**

**Sigmund Skjæveland** Møteleiar

**Hilde Elin Østerhus** Referent

**Geir Nilsen** Årsmøtedeltakar

**Gjermund Fiveland** Årsmøtedeltakar

[Tilbake](#)

